

LANGTIDSPASS I INSTITUSJON

1. FORMÅL:

Tilby Langtidsplass i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester, når det etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering er det einaste kommunale tilbodet som kan sikre pasienten og brukaren nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester.

Pasient eller brukar som med forsvarleg hjelp kan vente på langtidsplass, men som fyller kommunens kriterier, vert sett på venteliste jamfør kommunal forskrift for tildeling av langtidsplass i sjukeheim eller tilsvarande bustad.

Kommunal forskrift for tildeling av langtidsplass i sjukeheim eller tilsvarande bustad omfattar og kriterier for oppfølging av pasientar og brukarar som står på venteliste

2. LOVGRUNNLAG:

- Lov om helse- og omsorgstjenester § 3-1, § 3-2 6c,
- Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1a og § 2-1e
- Kommunal forskrift for tildeling av langtidsplass i sjukeheim eller tilsvarande bustad
- Forskrift for sjukeheim og buform for heildøgns omsorg og pleie.
- Forskrift om kvalitet i pleie og omsorgstjenestene juni -03.
- Retningslinjer for skjerma eining for demente (skriv frå 2001)
- Forskrift om en verdig eldreomsorg (Verdighetsgarantien)

3. MÅLGRUPPE:

Personar med:

Varig fysisk og psykisk funksjonssvikt kor andre hjelpetiltak ikkje lenger er tilstrekkelege/forsvarlege for å bu i eigen heim.

4. KVALITETSMÅL:

Opphald i langtidsplass i sjukeheim, skal vere føreseieleg og tilretteleggast best mogleg ut frå individuelle behov og brukarmedverknad slik at brukar opplever tryggleik og livskvalitet. Brukar skal oppleve:

- Å få hjelp til å ivareta eigenomsorg og helsehjelp.
- Å bevare eller auke sin moglegheit til å fungera i kvardagen.
- Omsorga skal bidra til å oppretthalda funksjon eller rehabilitering når det er mogleg
- Å ha eit mest mogleg normalt liv, med normal døgnrytme og moglegheit til å koma ut.
- Å få eit variert og tilstrekkeleg kosthald og tilpassa hjelp ved måltider.
- Å få ein verdig avslutning på livet i trygge omgjevnader
- Alle har rett på å få oppnemnt ein kontaktperson

5. KRITERIER FOR TILDELING:

- Søkjarar med omfattande omsorg- og pleiebehov og med behov for tilsyn og hjelp gjennom døgeret
- Søkjarar med behov for tverrfagleg kompetase gjennom døgerert
- Søkjarar med behov for høg fagleg kompetanse til ivaretaking av nødvendig observasjon og helsehjelp


Andre aktuelle hjelpetiltak skal vera vurdert, som til dømes;

- tilpassing av bustad
- tilrettelegging av hjelp i heimen, til dømes heimetenester og eller heimehjelp
- tidsavgrensa opphald i institusjon, avlastingsopphald
- familiesituasjon og nettverk skal vera kartlagt
- sosiale støttetiltak som til dømes dagsenter
- tryggleiksskapande tiltak, til dømes tryggleiksalarm

Kartlegging vert utført av Tenestekontoret i samarbeid med pasient og brukar med pårørende og andre tenesteytarar jamfør kommunal rutine for kartlegging av hjelpebehov.

Med samtykke frå pasient og brukar nyttar vi IPLOS registrering i kartlegginga. IPLOS er eit nasjonalt register med opplysningar om ressursar og behov for hjelp til dei som søker om eller mottek kommunale helse- og omsorgstenester. Registreringa er anonym, men gjer staten ein peikepinn på kva tenester kommunen tilbyr sine innbyggjarar.

Tenesta vert tildelt jamfør Beon prinsippet «Beste effektive omsorgs nivå» og «omsorgstrappa».



Ein ønskjer å legge til rette for mest mogleg rettferdig og likeretta praksis for tildeling av ulike tenester.

6. TENESTETILBOD / OMFANG:

Langtidsplass har inga tidsavgrensing. Ved Fusa bu- og behandlingssenter har ein kun ein rom med bad og wc til langtidsopphold, på to av romma kan det bu ektepar. Ein kan rekne med at det kan bli flytting av rom eller avdeling i løpet av opphaldet.

Langtidsplass i sjukeheim skal gje brukar nødvendig og individuell hjelp som sikrar dei grunnleggjande behov.

- Legetilsyn og naudsynt medisinsk behandling
- Aktivitetstilbod
- Alle har mål og tiltaksplan som skal dokumenterast i forhold til lovverket.
- Alle har primærkontakt.
- Sjukepleiefagleg vurdering og oppfølging.
- Fysioterapi og ergoterapi etter tilvising.
- Tannlege og tannpleiar etter tilvising.
- Informasjon til pårørande og pårørande møter etter behov.

Tenester som pasienten må betale sjølv:

- Hår og fotpleie
- Aviser og blader
- Telefon
- Tøy merker
- Toalettsaker
- Helsekost produkt.

Private eignedelar er ikkje forsikra av kommunen.

7. PASIENT / PÅRØRANDE SITT ANSVAR:

Ein av pårørande blir hovudkontakt for pasienten.

Dette inneber:

- Å omadressere posten til pasienten.
- Å ta ansvar for eigendelar han/ho tek med inn i institusjonen.
- Å ta ansvar for pengar som blir oppbevart i rommet.
- Å ta ansvar for innkjøp av personleg utstyr som barbermaskin og hårfønar, evt. mobiltelefon..
- Å ta ansvar for installering av eigen telefon dersom dette er ønskeleg.

Pårørande deltar på møter for informasjonsutveksling innan 6 veker etter innkomst og vidare ca. ein gong i året eller ved behov.

Pårørande hjelper til med bakgrunnsopplysningar.

Dersom pasienten treng hjelp til å disponera kontanttytingane ønskjer institusjonen at ein av pårørande får fullmakt til dette, evt. verge. Det er Fylkesmanen som oppnevner verge.

Fusa bu- og behandlingssenter har eige vaskeri. Alle klede må være merka med namn. Avdelinga hjelper til med å bestille namnemerke. Kledda må kunne vaskast i vaskemaskin. Ta kontakt om de vil vaske finkledda sjølv.

Ein har rett til å nytta eigen tannlege, fysioterapeut og liknande, men må då dekke utgifter til dette sjølv (honorar og transport) og ein må ordne med eige fylgje. Fylgje til spesialist og sjukehus, som er forordna av tilsynslege, skjer i samarbeid mellom pårørande og avdelinga der pasienten bur. I første omgang er dette pårørande sitt ansvar å fylgje.

8. PRIS:

Betaling for langtidsplass vert rekna etter :” Forskrift for vederlag for opphald i institusjon m.v.”

Denne vert sendt søkjar ved tildeling av langtidsplass ved Fusa bu- og behandlingssenter. Nærare opplysning om betaling kan ein få ved å venda seg til sekretær ved Fusa bu- og behandlingssenter telefon 56580200.

9. SØKNAD:

Søknadsskjema får ein ved å venda seg til Tenestekontoret, Fusa bu- og behandlingssenter eller til heimesjukepleieområdet der søkjar bur.

Søknadsskjema ligg på heimesida til Fusa kommune under: Skjema- Pleie, omsorg og helse, -Søknad om kommunale helse og omsorgstenester

Søknad vert å senda til Tenestekontoret , Postboks 24, 5649 Eikelandsosen.

Søknad blir registrert i pleie og omsorgsprogrammet Geric og handsama etter gjeldane lover og reglar. Det vil bli gitt melding innan 14 dagar om kva tid søknaden vert handsama, jamfør forvaltningslova §11.

Skriftleg vedtak vert sendt søkjar.

10. KLAGE:

Vedtaket kan etter Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2 påklagast.

Ei eventuell klage skal sendast til Tenestekontoret, Postboks 24, 5649 Eikelandsosen innan fire veker etter vedtak. I klagen skal du skriva kva du ønskjer å endra i vedtaket, og grunngi dette. Du kan få rettleiing av den som har behandla saka i samband med klagen.

Klagen vert fyrst vurdert av den som har fatta vedtaket. Dette for å vurdere om det er grunn til å endre på det. Dersom vedtaket vert oppretthalde, vert saka sendt til Fylkesmannen for vurdering.

Søkjar har som hovudregel rett til innsyn i dokumenta i saka, jf. Forvaltningslova § 18.